

Saksbehandlar: Jon Tvilde, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/2455-1

Frivilligsentral i Balestrand

Rådmannen rår komité for samfunnsutvikling til å gje slik tilråding:
Komite for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor.

Vedlegg:

1. Kommunale vedtekter
2. Kulturdepartementet brev om rapportering av 10.09.2020

Andre relevante dokument i saka:

Årsmeldingar Leikanger og Sogndal frivilligsentral

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka omhandlar vurderingar kring etablering av frivilligsentral i Balestrand.

2. Bakgrunn for saka

I arbeidet med frivilligpolitisk plattform var det utarbeida eit framlegg til tiltaksplan der etablering av frivilligsentral i Balestrand var eitt av tiltaka. Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak 10/2021, 18.02.21:

1. *Kommunestyret vedtek frivilligpolitisk plattform slik den ligg føre i saka. Plattformen gjev rammer for samarbeidet med frivillig sektor.*
2. *Årleg og på bakgrunn av innspel frå lag og organisasjonar skal det utarbeidast eit framlegg til tiltaksplan for frivillig sektor. Tiltaksplanen skal handsamast som ein del av økonomiplanen, og med tiltak for komande budsjettår.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen følgje opp tiltaksplanen for perioden 2021 – 2023, og at økonomiske konsekvensar vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.*
4. *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram eigne saker om desse tiltaka, i prioritert rekkefølge:*
 - a. *etablering av frivilligsentral i Balestrand*

- b. *utgreie ei ev. eige stønadsordning for kor og korps som kjøper dirigentteneste gjennom Sogn kulturskule*
- c. *sak om retningsliner for lån og leige av kommunale lokale til lag, organisasjonar og eigenorganisert aktivitet. Saka skal særskilt vurdere om bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis, og omhandle særskilde vilkår for Sogndal kulturhus, Sognahallen med fleire*
- d. *etablering av ulike digitale plattformer retta mot frivillig sektor*
- e. *utgreie ev. tilbod om felles forsikringsordning for sjølveigde lagsdrivne hus*
Når det gjeld punktet om opplæring i søknadsskriving, er dette lova gjennomført.

Om frivilligsentralane

Norges Frivilligsentraler har på bakgrunn av 30 års erfaring samla åtte råd for drift av frivilligsentralar. Råda skal styrke frivilligsentralane som attkjennande og profesjonelle aktørar, og slik utvikla ei felles forståing at det er viktig at frivillig arbeid er ein fri og uavhengig sektor, som vert utvikla på dei frivillige sine premissar. Råda er:

1. *ha ein dagleg leiar i fast stilling*
2. *ha egne vedtekter*
3. *ha eit eige styre der frivillige er i fleirtal*
4. *ha evt. ein samarbeidsavtale med kommunen*
5. *ha minst 40 % lokal finansiering i tillegg til statstilskotet*
6. *kalle seg frivilligsentral og nytte Norges Frivilligsentralers grafiske profil*
7. *disponera egne lokale*
8. *vera eit supplement til kommunale tenester, ikkje ein erstatning for*

Frivilligsentralen i Sogndal

Sogndal kommune etablerte frivilligsentral i 1991. Dagleg leiar er tilsett i 100 % stilling. Sentralen har lokale i Fjørevegen 17, tidlegare Loftesnes pensjonat. Huset er eigd av eitt kommunalt eigedomsselskap. Frivilligsentralen har lokale i fyrste høgde med to kontor, velutstyrt kjøkken og to møterom. I det største held NAV sin ungdomsbasis til. Jobblyst som er eit kommunalt arbeidspraksisprosjekt, har òg møteplass her. I underetasjen er SognaBui Utstyrssentral plassert.

Hovudoppgåva til sentralen er å følgje opp 450 personar, som gjer ein ubetalt innsats gjennom sentralen, m.a.:

- sjåførar som dagleg køyrer ut varm mat til heimebuande
- organisere «Dugnad Sogndal» i samarbeid med Sogndal Folkehøgskule, der 90-100 elevar ryddar bos i sentrumsområde/strandsona over to dagar
- frivillige er sjåførlærar for personar som har gjort landebyte
- gruppe med frivillige går tur i sentrum med bebuarar frå SHOS som brukar rullestol
- i samarbeid med Lions Club Sogndal organisere utkøyring av strøsand til heimebuande eldre/uføre
- organisere tilbod på SHOS onsdagar
- vera ein del av Nattuglearbeidet
- organisere Sognahelg i september, som er ei mønstring av frivillig arbeid.

Sentralen har òg tett samarbeid med Kriminalomsorga. I 2020 hadde tre personar samfunnssteneste i sentralen. Jobblyst brukar sentralen sine aktivitetar til arbeidstrening.

Frivilligsentralen i Leikanger

Leikanger kommune etablerte frivilligsentral våren 2017. Sentralen har ein 100 % stillingsressurs som no er delt på dagleg leiar og frivilligkoordinator, kvar i 50 %. Sentralen har lokale i Saften på Hermansverk med kontor, lager for utstyrssentralen Systrond Bui og LF-møteplassen.

Aktivitetane sentralen er m.a. å ha drive ein møteplass i samarbeid med fleire, og slik skape aktivitet i Saften. Det kan vera strikkekveldar, pensjonisttreff, skravlekroken, ungdomstreff m.m.

Sentralen organiserer Småspretten, eit tilbod for små born, open hall – eit mini leikeland for mindre ungar og ulike tiltak som skal motverka einsemd, t.d. knytt til høgtid. Sentralen har eit samarbeid med Opplev Leikanger og medverkar på eldredagen. Språkkafé og leksehjelp, kursing, sommarskule og andre samarbeidsprosjekt er under planlegging for å motverke einsemd, men er ikkje i gang enno.

Sognabui og Systromdbui – kommunale utstyrssentralar

Begge sentralane har alt av skiutstyr, telt, soveposar, truger, klatreutstyr, sykklar, stormkjøkken, bålpanne og mykje anna fritidsutstyr. Som eit døme kan ein sjå Systromdbui sitt bookingsystem [her](#):

På generelt grunnlag skal utstyrssentralar bidra til å dempa konsekvensane av å vekse opp i ein familie med låg inntekt, fordi barn og ungdom kan låne sport og fritidsutstyr.

Sentralane har utvikla seg i samskaping med sitt lokalmiljø.

3. Vurderingar og konsekvensar

Statleg finansiering og oppstart

17. juni 2020 vedtok Stortinget at frivilligsentralene skal sikrast statlig støtte også i framtida. Stortingsvedtaket lyder slik:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at finansiering av frivilligsentralene overføres til et øremerket tilskudd på Kulturdepartementets budsjett fra 2021 for å sikre finansiering til frivilligsentraler i både små og store kommuner.»

Begge våre sentralar har motteke kr 440 000 i statstilskot kvar for 2021. Vilråa for 100 % tilskot er dagleg leiar tilsett i 100 % stilling, og minimum 40 % lokal finansiering av drifta. Leikanger vart etablert med dagleg leiar i 100 % stilling. Då noverande dagleg leiar vart tilsett vart ho tilsett i 50 % stilling, og det vart oppretta 50 % stilling som frivilligkoordinator. Dette har ikkje påverka statstilskotet for 2021, jf. brev frå Kulturdepartementet (KUD) datert 10.09.2020:

«Som hovedregel vil Kulturdepartementet justere beregningsgrunnlaget i tråd med rapportene som kommer inn. Kulturdepartementet vil ikke ta hensyn til endringer i daglig leders stillingsprosent eller aktivitetsnivå i allerede etablerte frivilligsentraler.»

Ei etablering av sentral i Balestrand vil ikkje utløyse statstilskot før i 2023 med vedtak i desember 2021, sidan 1. juni er rapporteringstidspunkt:

«Vi ber nå den enkelte kommune rapportere om det eventuelt er opprettet eller nedlagt frivilligsentraler i kommunen i tiden etter 1. juni 2018 og frem til 1. juni 2020, slik at det også kan tas høyde for dette i beregningsgrunnlaget for fordeling av tilskudd i 2021.»

Det er på noverande tidspunkt ikkje kjent kva som er vilråa for å motta statstilskot i 2022-23.

Stillingstorleik og budsjett

Om ein legg til grunn at det i Balestrand er behov for ei 40 % stilling som dagleg leiar vil dette utløyse kr 176 000 i statstilskot. I tillegg kjem kostnader til kjøp av varer, tenester, husleige m.m. Ut frå erfaringstala frå Sogndal og Leikanger er kostnaden for kommunen stipulert til om lag kr 350 000. Samstundes er det vanskeleg å endeleg fastsetje rammevilkår som; stillingsressurs, lokalisering, kva areal som trengst og om denne sentralen òg skal ha utstyrssentral. Rådmannen vil arbeide vidare med planlegging i samarbeid med frivillig sektor. Dette vil truleg skje ved at lag og organisasjonar vert samla til kontaktmøte, der representantane vert invitert til å velja 3-4 personar til eit interimråd, og slik delta i planlegginga, jf. kommunale vedtekter, vedlegg 1:

«For kvar avdeling er det eit eige råd med 4 medlemmer vald av kontaktmøtet. Ein av desse vert vald som leiar av rådet.»

Dette arbeidet bør avsluttast seinast i september, slik at rådmann kan legge fram samla kostnader og konsekvensar av tiltaket for finansutvalet.

4. Konklusjon

Eit kvart tiltak som har økonomiske konsekvensar utover det som ligg i budsjett og økonomiplan bør vurderast som del av arbeidet med budsjett for neste år og ny økonomiplan. Dette gjer det mogleg å vurdere ulike tiltak opp mot kvarandre. Rådmannen vil difor tilrå at eit eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.

Rådmannen vil arbeide vidare med planlegging av frivilligsentral i Balestrand i samarbeid med frivillig sektor. Arbeidet vil gjere det mogleg å peike på samla kostnader og konsekvensar, slik at desse kan vurderast i arbeidet med budsjett og økonomiplan.